

Innkalling til årsmøte i NLM Molde misjonsforsamling og Norrøna Radio Molde 2022

Tid: 13.03.2022, etter gudstjenesten

Sted: Nordbyen kirke

Saker

Sak 1 Godkjenning av innkalling og saksdokumenter

Sak 2 Konstituering av årsmøtet

Valg av ordstyrer, referent og to personer til å undertegne protokollen.

Sak 2 Årsmelding for NLM Molde misjonsforsamling

Sak 3 Regnskap for NLM Molde misjonsforsamling

Sak 4 Årsmelding for Norrøna Radio Molde

Sak 5 Regnskap for Norrøna Radio Molde

Sak 6 Årsmelding for Søndagsskolen

Sak 7 Samtale om arbeidet

Sak 8 Avvikling av Norrøna radio Molde

Det har i flere år vært vanskelig å rekruttere både medarbeidere og nye givere til radioen. Styret i radioen ser ikke at det er grunnlag for videre drift.

Forslag til vedtak: Årsmøtet gir styret i NLM Molde og Norrøna radio Molde fullmakt til å avvikle driften av radioen. Det skal arbeides for å overføre konsesjonen til Radio Nordvest.

Sak 9 Valg

Sak 10 Orientering om arbeid med ny strategi for Misjonssambandet

Dere skal være mine vitner

Sak 11 Eventuelt

Årsmelding for NLM Molde Misjonsforsamling 2021

Møter og gudstenester

Vi har hatt gudstenester kl. 11 omlag kvar 14. dag. Dei andre søndagane har vi hatt kveldsmøter.

Frammøte har vore tilnærma uendra dei siste åra, men gjekk litt ned i 2021. På 22 søndagsmøter var det i gjennomsnitt 31 vaksne og 11 barn. Vi trur nedgangen i stor grad skyldast pandemien. Nokre har vore i karantene og nokre har vore forsiktige. I påska vart to møter avlyst. Vi måtte og avlyse Juletefest som var planlagt i lag med Bolsøy menighet og Nordbyen søndagsskole.

Etter gudstenestene har vi servering. Vi opplever at dei fleste blir igjen etter gudstenesta og tek del i samtalen rundt borda.

Kveldsmøta har hatt ei lita auka frammøte - ca 10 frammøtte i gjennomsnitt. Vi har veksla på å ha bibeltime og «bibel og bønn» på desse samlingane. Nokre av møta har hatt nattverd.

I oktober hadde vi felles Bibelhelg med Molde Indremisjon på Molde Bedehus. Johnny Vågen hadde bibeltimar med tema «Tro, Håp og Kjærlighet.»

Barn og unge

Søndagsskolen har også i 2021 vore delt i to grupper etter alder. I periodar med strengare koronatiltak var det krevjande å drive, mellom anna p.g.a. små rom i kyrkja. Vi har og mangla leiarar til søndagsskolen. Store delar av året har to personar hatt ansvar for dei to gruppene aleine. Det blei derfor nokre søndagar utan søndagsskole under gudstenesta. Vi prøvde å samordne slik at barn fra Molde kunne delta på søndagsskole på Sylte bedehus. Dette fungerte ikkje så godt, mellom anna fordi nokre av foreldra hadde ansvar under gudstenesta i Nordbyen og dermed ikkje kunne skysse ungene.

Sjå eiga årsmelding frå søndagsskolen.

Dåpsskolen har ikkje hatt tilbod dette året.

Diakonalt arbeid

Vi ønskjer å tilby nattverd og besøk heim til dei som treng det. Vi har hatt telefonkontakt med nokre som ikkje lenger kjem til gudsteneste og møte.

Norrøna Radio

Radioen har hatt problem med sendingane sin i 2021. Sjå eiga årsmelding.

Misjonsvener som gjekk heim til Herren

Kristian Hjelset og Tove Eidseter gjekk heim til Herren i 2021.

Døypte

To barn blei døypt i forsamlinga i løpet av året.

Styret

Styret heldt fram uendra frå året før. Leiar Odd Arne Haram (2021), nestleiar Hildegunn Dalane Fagerli (2021), sekretær Martin Stige (2021), medl. Toril E Haugen(2019) og Heidi Holtskog (2019). Kasserar Lars Storaas Haugen.

(Årsmøtet blei avlyst i 2020. Dei som blei valgt i 2019 blei derfor bedne om å fungere eit år ekstra.)

Tilsette

Etelney Silva Barbosa Junior er tilsett som forsamlingsleiar i 50% stilling og vert lønna gjennom regionen.

Vi har bedt regionstyret om å tilsette lokal barnarbeidar i vårt område i deltidstilling.

Vi har tatt på oss et spesielt ansvar som sendemenighet for Dagrunn Dyrhol som er utsending i Aust-Afrika.

Frivillige

Styret vil takke alle dei frivillige som bidrar i møta. Møtevertar, søndagsskoleleiarar, dei som tek del med forbøn, song, musikk, vasking, leiing, servering, teknikk. Styret vil også takke dei som p.g.a. sjukdom og sviktande helse ikkje kjem seg på møta, men hugsar på arbeidet i bøn til Gud.

Vi takkar også dette året for godt samarbeid med Bolsøy menighet om bruk av Nordbyen kirke.

Vi overførte kr 810.000 til NLM region Nord-Vest i 2021. (2020 : 764.000 , 2019 : 593.000)